

NVE- Konesjonsavdelinga

Postboks 5091

Majorstua

0301 OSLO

Bredvatn kraftverk. Konesjonssøknad med konesjonsutgreiing. November 2013.

Underteikna Ola Lingaas og Øyvind Huus. Ref. SFE 12.09. 467. NVE 201202824-21 kv/mcpr

FGL sine merknader:

SFE og FGL har ulike syn når det gjeld tolkinga av punkt i *Kontrakt mellom grunneigarane og Sogn og Fjordane fylke, stadfesta som rettsforlik og tinglyst 05.02.1973*, her kalla "1973-kontrakten". Ingen i SFE var med då 1973-Kontrakten vart utvikla. Men folk som er i FGL i dag, var med på tingingane på 1970-talet. SFE er opptekne av fallrettar. FGL er opptekne av at det i 1973 var avtale om *ei* utbygging og *eitt* oppgjer. Jfr. Punkt 2 i 1973-kontrakten.

SFE og grunneigarane i Førde er no stort sett samde om ein tilleggsavtale, nokre justeringar står att, jfr. avtaleutkast frå SFE av 05.02.2014, drøfta på møte i Ålfottunet 12.02.2014. Tilleggsavtalen skal gje grunneigarane økonomisk vederlag, og SFE får rett til å bygge ut Bredvatn kraftverk. Om ikkje tilleggsavtalen av 2014 blir underteikna rimeleg raskt, vil FGL ta atterhald om å komme med ein langt meir omfattande kommentar til søknaden frå SFE, enn den merknaden vi finn nedanfor. Grunneigarane vil be om at Tilleggsavtalen er i orden og pengar utbetalte før NVE handsamar søknaden frå SFE vidare.

Protest mot massedeponi på Øyra

Grunneigarane protesterer mot eit av SFE sine alternativ til massedeponi. Sjå søknaden side 14 punkt 2.25 og side 52 punkt 9.2.5. SFE skriv side 14 at Alternativ 2 ligg "sør for Førde" men det manipulererte flyfotoet side 66, Figur 13-3 syner at arealet ligg på området "Øyra" i Førde utmark, sør for - og svært nær - innmarka og tuna på garden.

Store sandressursar blir bandlagde

SFE hevdar at her ligg eit masseuttak frå før. Det er misvisande. Då det for fleire år sidan skulle byggast ny skule i bygda, gav grunneigaren gratis sandmasse til formålet. Det er det heile. Såra i landskapet er utjamna, og området veks til med vegetasjon etter kvart. Men under det 12 mål store området SFE søker om, kviler store sandressursar, ressursar som eit deponi vil bandlegge. Det er ein skade som SFE må vere budd på å erstatte.

Vårbeite for husdyr

SFE hevdar at det ikkje beitar husdyr på Øyra. Sjå side 64 og 66. Det er ein faktafeil. Det 12 dekar store området som SFE vil oreigne, er ein viktig del av vår-beitet for husdyra på garden. Grannegarden Sigdestad har også beiterett her. Jfr. utskiftningsdokumenta.

Vinterbeite og parringsplass for hjortedyr

Det går ei velbrukt hjorterås på Øyra nett der SFE vil ha massedeponi. Råsa går mellom nattbeitet i nord, og dag-gøymeplassane i Nykane i sør. På Øyra ligg det som folk på garden kallar "Kjennja" . Det er eit lite tjørn, av SFE karakterisert som eit "myrhol", sjå side 58 . "Kjennja" er eit mykje brukt "hjortelaug". Øyra er ein årviss brukt parringsplass for hjortedyra. Dette viktige området for dyra blir borte dersom SFE får bruke Øyra til massedeponi.

Hjortedyra vil bli uroa i anleggsperioden, og det ferdige deponiet med stort knuseverk vil verke skremmande på viltet seinare. Førde innmark og området rundt innmarka, er viktige vinterbeite for hjortedyra, og må ikkje tuklast med av nokon, og slett ikkje av folk som ikkje har kompetanse på området. Dette er ei sak som Direktoratet for naturforvaltning bør uttale seg om. Ålfoten-området er, saman Hitra, eitt av kjerneområda for hjort i Noreg (Jfr. verket Norges Dyreliv), og dette bør SFE/NVE respektere.

Visuelt skjemmande

SFE fokuserer sterkt på eit "kulturminne". Grunneigarane har fånyttjes prøvd å forklare at dette "kulturminnet" er ei stor furu nord for innmarka som i si tid var freda ein periode, men som ikkje er freda lenger. Likevel held SFE fram med å fokusere på dette. Men trivselen til menneska på gardene Førde er derimot knapt nemnt i søknaden. Det 12 mål store steindeponiet på Øyra vert visuelt skjemmande for utsikten frå bustadane til Terje og Tove Førde, Sigmund og Randi Midthjell, Anne Marie og Arvid Midthjell, Karen og Martin Førde, Sonja og Karl Vidar Førde, Sabine og Julian Renkel , Else og Arne Sande - og huslydane deira.

Knuseverket ikkje nemnt

Eit massedeponi med 50.000 kbm fordrar vidare levering. Men massane som kjem frå tunelldrifta er ikkje leveringsklare. Først må dei knusast. Det kan bli aktuelt å plassere eit kraftig knuseverk på Øyra. Dette vil føre med seg sterk og vedvarande støy, og omfattande støvplager. Dette må folket i Førde bli sparte for! Det er feil av SFE å ikkje nemne desse ulempene i søknaden.

Born leikar!

SFE talar om 50.000 kbm. tunellmesse. Reknar vi eit dumperslass for 10 kbm. vert det 5.000 turar til massedeponiet, og sjølv sagt like mange returar, i alt 10.000 passeringar. SFE vil selje steinmassene. Skal massedeponiet tømmast, vil lastebiltrafikken komme opp i 10.000 passeringar til.

I huset til Ann Kristin Midthjell på Øyra bur det ein huslyd med born. I huset til Grethe Midthjell bur det huslyd med born. I hytta til Emma Terdal er der svært ofte små barnebarn på besøk. Borna brukar vegane og skogen på Øyra som leikeområde. Deponiet og knuseverket vert freistande og fårlege leikeplassar. Den enorme lastebiltrafikken SFE legg opp til, vil bli fårleg for dei små, og i stor grad forulempe dei vaksne som bur på Øyra. Massedeponiet vil øydelegge Øyra som oppvekstområdet, og Øyra som bustadområde. Dette har ikkje SFE nemnt i søknaden.

Kårhuset

Side 63 heiter det at " Transport frå tunell-påslaget til tippen i Førde dalen vil passere to bustader og ei hytte. SFE har "gløymt" kårhuset til bnr.3. Det ligg nær og rett aust for massedeponiet. Dei to siste flyfotografia i søknaden, ikkje paginerte, syner kårbustaden , sett ovanfrå, i den perioden då huset hadde torvtak. Det er nokre år sidan no. Eigaren, som er pensjonist, har tankar om å ta kårhuset i bruk som permanent bustad om ikkje lenge. Kårhuset har eigen brønn som kan bli ureina av sig frå deponiet. I tørt ver med vestavind, vil dei som bur i kårhuset få støvplager. Det kan ikkje folk med KOLS og astmatiske plager ha. Støyen i anleggsperioden, og seinare støy frå eit stort knuseverk, vil bli uuthaldeleg og gjere kårhuset verdiløst. SFE må vere budd på å erstatte slike skader fullt ut.

Merkeleg logistikk

50.000 kbm. steinmasse vil neppe kunne omsetjast lokalt. Kven skulle kundane vere? Transport av så mykje stein med lastebil på gamlevegen er uråd. Bygdavegen i Ålfoten vil ikkje tole slik transport. Steinmassene må leverast over kaia i Åskåra. Det er den einaste løysinga. Steindeponiet bør sjølvstøtt leggjast så nær kaia i Åskåra som mogleg. Noko anna er uøkonomisk, forureinande og verkar lite gjennomtenkt.

FGL går sterkt mot plassering av steinmasser på Øyra.

Alternativ plassering av steindeponi:

FGL i samarbeid med Statnett opparbeider veg til spennmastene på sørsida av Førdepollen, for den nye 420-kV-kraftleidningen. Førde Grunneigarlag har vore i kontakt med representantar frå SFE og peika på ein mogleg deponeringsplass i tilknytning til denne nye vegen; inn imot uthogd trasè der dagens 132-kV-kraftleidningen frå Åskåra Kraftstasjon går i dag. Etter Førde Grunneigarlag si oppfatning er dette eit eigna område som SFE og NVE bør sjå nærmare på. Skog og vegetasjon i området mot sjøen, vil i stor grad skjerme for innsyn til eit deponi plassert her, samstundes som steinmassane vil vere forholdsvis lett tilgjengelege for seinare bruk om slikt behov skulle oppstå fram i tid.

Ålfoten 08.03.2014

Førde Grunneigarlag

Sigmund Midthjell

(leiar)